

# Meistring mot master

Delrapport STIL-prosjekt

Bente Opheim Brathetland

Reidun Faye



Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett  
Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

2018

# Meistring mot master

## Innleiing

I den konseptuelle innramminga av hovudprosjektet blir det lagt vekt på at prosesskvalitet i høgare utdanning er kjenneteikna mellom anna av studentar som opplever meistring, involverer seg fagleg og sosialt og som regulerer eiga læring (Hatlevik, 2016). Eit sentralt spørsmål som hovudprosjektet reiser sentrerar seg difor rundt ein diskusjon av kva type undervisning som kan bidra til å forme denne typen studentar. Utgangspunktet for delprosjektet *Meistring mot Master* er ei hypotese om at det å legge til rette for organisert arbeid i sjølvstyrte grupper (peer-learning) og faglege møtepunkt for nye og meir erfarne studentar (peer-tutoring) kan stimulere til auka engasjement hos studentane og bidra til betre kvalitet i lærarutdanninga (Topping, 2005). Prosjektet har hatt som primærmål å bygge studentstyrte læringsarenaer utanom den lærarstyrte undervisninga, men i tett fagleg dialog med den. Gjennom studentstyrte seminar der førsteårsstudentar blir rettleia av masterstudentar ønskja vi å legge til rette for at førsteårsstudenten deltar aktivt i faglege diskusjonar og opplever meistring i møte med faget. Sekundært har prosjektet hatt fokus på korleis faglærarane kan legge opp til digitale læringsaktivitetar som studentane kan ta med seg inn i seminara eller arbeide med individuelt for å styrke samanhengen mellom lærarstyrte og studentstyrte læringsaktivitetar. Prosjektet har dermed hatt tre målgrupper: førsteårsstudentar i grunnskolelærarutdanninga 1-7 og 5-10, masterstudentar i Samfunnsfagdidaktikk og faglærarar i samfunnsfag.

## Prosjektets kontekst og utgangspunkt

Høgskulen på Vestlandet (HVL) utdannar flest grunnskulelærarar i landet med eit opptak på 530 studentar hausten 2017, fordelt på tre campus og to utdanningsprogram (GLU 1-7 og 5-10). Det femårige masterstudiet for studentar i GLU 5-10 er organisert slik at studentane vel eit fag ved opptak (fag 1) som sikrar dei 60 studiepoeng over tre år, og som er utgangspunkt for masterfaget i 4 og 5 år (syklus 2). I løpet av dei tre første åra vel dei i tillegg fag 2, også på 60 studiepoeng, og eit fag 3 på 30 studiepoeng, jf. Figur 1.

Studiemodellen for GLU 1-7 (figur 2) har same oppbygning som GLU 5-10, men fag 2 og 3 er erstatta med dei obligatoriske faga norsk og matematikk (30 sp.). Studentane i GLU 1-7 kan dessutan bygge ut med eit 4. fag i tredjeåret.

Figur 1: Studiemodell for Grunnskulelærarutdanning 5-10 ved HVL

	Haust		Vår	
5. år	PEL	Masteroppgåve		
4. år	Masterfag	Masterfag	Masterfag	PEL
3. år	Fag 3 a. Undervisningsfag b. Skulerelevant fag  Spesialpedagogikk Profesjonsretta pedagogikk  Utveksling		Fag 1/3a, del 2 (Masterfag)  FoU-oppgåve  Internasjonalisering/utveksling masterfag	
2. år	Fag 2	Fag 2	PEL	Fag 1
1. år	PEL	Fag 1	Fag 2	Fag2

(Høgskulen på Vestlandet, 2017)

Dette prosjektet har retta seg mot dei studentane som har valt *samfunnsfag* som fag 1 i begge studieprogramma. Dette utgjorde to klassar på til saman 63 studentar. Prosjektet involverte også 11 studentar i masterutdanninga i Samfunnsfagdidaktikk, som er eit studietilbod i den 'gamle' GLU-utdanninga. Dette er ein lærarutdanningsmaster som liknar mykje på det masterfaget som er skissert for syklus 2 i dei nasjonale retningslinene for den nye integrerte lærarutdanningsmasteren, og studietilbodet er tenkt vidareført i den nye modellen. Prosjektet har også involvert faglærarar i samfunnsfag ved lærarutdanninga.

Prosjektet bygger på erfaringar frå eit pilotprosjekt som blei prøvd ut i studieåret 2016/2017, der, masterstudentar i Samfunnsfagdidaktikk rettleia førsteårsstudentar som hadde valt samfunnsfag som fag 1.

### Prosjektdesign og gjennomføring

Prosjektet har hatt to komponentar: Hovudkomponenten var retta mot å etablere studentstyrte seminar rettleia av masterstudentar. Målsettinga med denne prosjektaktiviteten var å etablere gode læringsarenaer som står opp om den lærarorganiserte aktiviteten, og samstundes senkar terskelen for deltaking for studentane, stimulerer til fagleg engasjement og skapar større rom for meistring. Slike seminar, der førsteårsstudentar samarbeider med masterstudentar, var også tenkt som eit tiltak for å skape ei *integrert* masterutdanning. Det faktum at vi allereie har eit godt etablert masterprogram i samfunnsfagdidaktikk i den 'gamle' lærarutdanninga ved HVL, gir oss eit unikt høve

til å prøve nye arbeidsformer som gjer oss betre budd når syklus 2 i den fem-årige lærarutdanninga trår i kraft i 2020.

Den andre komponenten i prosjektet har vore retta mot dei som underviser samfunnsfagstudentane. Dei tilsette har utforska digitale verktøy som kan stø opp om, og styrke integrasjonen mellom den studentstyrte aktiviteten og den ordinære undervisninga. Målsettinga var å teste nye pedagogiske tenkemåtar og utfordre dikotomien studentstyrt versus lærarstyrt. Metoden «omvendt undervisning» har stått sentralt her.

### ***Studentstyrte seminar***

Førsteårsstudentane som tok samfunnsfag vart delte i 11 grupper på 6-7 studentar. Kvar gruppe fekk tildelt ein masterstudent som skulle rettleie gruppene. Denne prosessen vart koordinert av dei fagleg ansvarlege for dei to klassane i samarbeid med masterstudentane. Gruppene var sjølve ansvarlege for å lage ein plan for kor mange gonger dei skulle møtast og kva dei skulle arbeide med kvar gong. Til hjelp med dette fekk dei også eit hefte frå faglærarane med sentrale problemstillingar dei kunne arbeide med i seminara. Masterstudentane fekk informasjon ved studiestart og tilbod om rettleiing undervegs. Alle studentane måtte levere eit arbeidskrav i løpet av semesteret, og det vart lagt til rette for at masterstudentane gav rettleiing i dette arbeidskravet til si studentgruppe. For GLU 5-10-studentane var det krav om ei individuell oppgåve retta inn mot akademisk skriving. GLU 1-7 studentane skulle lage digitale forteljingar i grupper. Både akademisk skriving og digital kompetanse er fagovergripande dugleikar som ligg inne i studieplanens progresjonstrapp (Høgskulen på Vestlandet, 2017).

### ***Digital læringsstøtte til studentstyrte seminar***

Arbeidet i seminargruppene har såleis vorte styrt ikkje berre av studentane sine egne ønskje, men også av arbeidskrav knytt til emneplan og studieprogram. For å styrke dei tilsette sin digitale kompetanse har ein delkomponent vore vigd til å prøve ut ulike digitale arbeidsformer i klasserom og som studentstyrte aktivitetar i seminara. I høgare utdanning er det stort potensiale for å eksperimentere med måten vi underviser på, og særleg i lærarutdanninga som jo også har ein eksemplarisk dimensjon og skal gi studentane kjennskap til ulike måtar å organisere undervisning på.

- *Video-essays* eller *digitale forteljingar* var eit arbeidskrav for GLU 1-7-studentane og dei studentstyrte seminara vart nytta til mellom anna dette. Grupper på 4 laga korte forteljingar (maks 5 min) med utgangspunkt i kulturminner i lokalmiljøet, som er kompetansemål for 4. trinn i samfunnsfag i LK06 (Kunnskapsdepartementet, 2013).
- Undervisningsvideo som ledd i *omvendt undervisning*. Dette handlar om å flytte gjennomgang av fagstoff ut av klasserommet for å gi rom for meir diskusjon, problemløysing og rettleiing i den lærarstyrte undervisninga, og i dei studentdrivne seminara (Krumsvik 2014). Prosjektet har resultert i to videoar knytt til førebuingar og seminararbeid om tema i historie og ytterlegare to vil bli ferdigstilte i løpet av hausten 2018.
- Geografiundervisninga har prøvd ut *Story Maps* (<https://storymaps.arcgis.com/en/>) som lar studentane bruke digitale, dynamiske kartdata til å presentere ulike tema som td.

infrastruktur, næring, utbreiing av religion, hav, ureining, skog, ressursar, folketal, jordbruk, klima, forbruk osv.

- Fleire faglærarar har dessutan prøvd ut *Flipgrid* i undervisninga (<https://flipgrid.com/>). Flipgrid er ein digital plattform som lar studentar og lærarar lage og laste opp korte videosnuttar (max 90 min.) som respons på ei oppgåve eller eit læringsoppdrag. Vi har også nytta videoredigeringsverktøyet *WeVideo* (<https://www.wevideo.com/>) til å sette saman eit knippe Flipgrid-videoar til ein film på 8 min.

## Dokumentasjon av resultat

For å kunne dokumentere om aktivitetane har hatt ein effekt har vi gjennomført ei digital spørjeundersøking blant førsteårsstudentane som deltok i prosjektet i 2017/2018 og førsteårsstudentane som deltok i pilotprosjektet i 2016/2017. Den siste gruppa studentar gir oss innblikk i kva som har skjedd med dei studentstyrte seminara etter kvart som studentane har kome inn i sitt andre studieår og ikkje lenger har tilbod om rettleiing frå masterstudentar og ekstra tilrettelegging frå faglærarar. Sluttar studentane då å arbeide i seminara eller har seminara festa seg som ein føretrekt måte å arbeide på? I tillegg intervjuar vi masterstudentar og faglærarar. All datainnsamling blei utført av ein uavhengig forskar ved HVL. Datainnsamling og databehandling er godkjent av NSD og data har blitt behandla konfidensielt og anonymt.

Vår dokumentasjon er basert på 81 respondenter: førsteårsstudentar i årskullet 2017/2018 (N=36), førsteårsstudentar i årskullet 2016/2017 (N=43), masterstudentar i Samfunnsfagdidaktikk (N=11) og faglærarar i samfunnsfag (N=7). Spørjeundersøkinga blei utført i desember-januar 2017/2018, respondentar blei rekruttert ved hjelp av Its' Learning, som var læringsplattforma HVL brukte på det tidspunktet. Spørjeundersøkinga bestod av 71 variablar der dei fleste blei presentert som spørsmålsskemaet med rangering frå 1-5, der 1 var lågaste verdi og 5 var høgaste. Spørjeskemaet inkluderte to opne spørsmål der respondentane kunne gi utdjupande svar. Svarprosenten var på 56,8%.

## Resultat

Eit premiss for alle delprosjekta i STIL har vore å identifisere, prøve ut og gjennomføre tiltak som kan styrke arbeidsinnsatsen og læringsutbyttet til studentane i lærarutdanningane. Målet for delprosjektet *Meistring mot Master* var å etablere ein ny læringsarena - studentdrivne seminar leia av masterstudentar – for å stimulere til betre arbeidsinnsats hjå førsteårsstudentane og til læringssituasjonar som fremmar fagleg utbyte, meistring og motivasjon.

Vi har strukturert resultatata kring tre hovudspørsmål:

- Korleis vurderer studentane studentstyrte seminar som arbeidsform?
- Korleis vurderer studentane samanhengen mellom seminara og det faglege utbyttet?
- Korleis vurderer studentane samanhengen mellom seminara og eiga oppleving av motivasjon og meistring?

## **Studentstyrte seminar som arbeidsform**

Korleis vurderer studentane som har delteke i dette delprosjektet verdien av studentdrivne seminar? Eit ope spørsmål i spørjeskjemaet har fanga opp kva dei syntest fungerte godt og mindre godt i seminara. Svarposent på dette spørsmålet var høg; 28 av 36 gav eit skriftleg svar på spørsmålet. Det er gjennomgåande for dei skriftlege svara at studentane er nøgde med å arbeide i seminar. Følgande sitat er typisk for oppfatningane til førsteårsstudentane som deltok i hovudprosjektet i 2017/2018:

Synes det var veldig kjekt å bli sett i seminargrupper med masterstudent. Masterstudenten veiledet oss godt på riktige veier gjennom semesteret. Vi kunne spørre henne mange spørsmål så hun svarte så godt hun kunne på. Det var også kjekt og sosialt. Skulle ønske det var satt av mer tid til seminargrupper, fordi det var veldig nyttig. Lærte veldig mye på de timene vi var sammen. Hun gav oss også gode råd mot eksamen, samtidig som hun beroliget oss om at det kom til å gå fint (litt nervøse førstegangsstudenter) (Førsteårsstudent GLU 1-7).

Vidare gir undersøkinga oss indikasjonar på den langvarige effekten av seminara. I spørjeskjemaet oppgir 80,5% av førsteårsstudentane i 2017/2018 og 88,4% av førsteårsstudentane i pilotprosjektet i 2016/2017 at dei trur dei vil vidareføre vanen med å arbeide i seminargrupper. De er likevel ein klar tendens mot at studentane føretrekk å danne sine *eigne* grupper framfor å fortsette å arbeide i dei originale seminargruppene. Av studentane som hadde seminar i studieåret 2016/2017 seier 79,1% at seminargruppa ikkje har møttest igjen på eiga hand det påfølgjande studieåret, medan 67,4% seier dei har vore med på å danne *nye* seminargrupper på eiga hand. Dette er tydelege indikasjonar på at vanen med å arbeide i seminargrupper er noko som studentane sjølve både ser på som nyttig og som dei tek med vidare.

Vi ser ein interessant skilnad mellom dei to studieprogramma blant førsteårsstudentane når det kjem til generell tidsbruk, noko som også kan tenkast å påverke kva verdi studentane legg til ulike arbeidsformer. GLU 1-7-studentar oppgir høgare tal timar til læringsaktivitetar organisert av institusjonen enn det GLU 5-10-studentane gjer. Motsett oppgir studentane på GLU 1-7 at dei arbeider færre timar med eigenstudiar enn studentane på GLU 5-10. Samfunnsfagundervisinga ved HVL praktiserer ikkje obligatorisk fram møte til verken til lærarstyrt undervisning eller seminar. Her ser vi altså at GLU 1-7-studentar prioriterer organiserte læringsaktivitetar framfor eigenstudiar, medan den omvendte tendensen viser seg for GLU 5-10. Dette kan tyde på at studentane ved dei to studieprogramma nyttar ulike læringsstrategiar og verdien av læringsaktivitetar ulikt.

## **Fagleg utbyte og læring**

Vi finn at førsteårsstudentane har ei klar oppfatning av at dei har hatt fagleg utbyte av dei studentdrivne seminara med masterstudent. 55,7% seier at seminara i høg grad har vore viktige (4 og 5 på skalaen) for deira samla faglege utbyte i samfunnsfag. Her finn vi minimale forskjellar på tvers av program og på tvers av studieår. I andre enden av skalaen ser vi at 24% meiner at dei har hatt lite fagleg utbyte av seminara (1 og 2 på skalaen). 15,2% seier dei har hatt middels utbyte (3 på skalaen). Dette understreker at sjølv om fleirtalet har hatt høgt fagleg utbyte, er dette variabelt, og det fortel oss truleg at dette er ei arbeidsform som ikkje passar alle, sjølv om den fell i smak hos mange.

Vidare seier omtrent like mange (60,8%) at sjølvorganiserte seminargrupper utan lærer eller masterstudent også bidrar til deira læring i Samfunnsfag. Eigenstudiar er med andre ord noko som studentane ser på som viktig for eigen læring. Når vi ser i andre enden av skalaen; dei som har svart 1 og 2, altså dei som ikkje synes at seminar med eller utan masterstudent bidrar til læring, finn vi ein klar forskjell på om seminargruppene er drivne av masterstudent eller sjølvdrivne. Berre 5,1% (til

saman 4 av 79 personar i utvalet) meiner at det å arbeide saman i sjølvorganiserte seminargrupper *ikkje* har bidratt til læring i faget dei tok dette semesteret. Til samanlikning er det 21,5% som meiner at det å delta i seminar med masterstudent *ikkje* har bidratt til læring i faget dei tok dette semesteret. Denne forskjellen tyder på at sjølv om studentane vurderer det å arbeide i seminargrupper som er leia av masterstudent som viktig for eiga læring, synes endå fleire at det bidreg til eiga læring å arbeide i seminargrupper *utan* masterstudent. Altså er det sjølvle læringsforma, *seminargrupper*, som studentane knyter til læringseffekt, og det er mindre viktig at om gruppa er leia av masterstudent. Dette står opp under vår hypotese om at det å arbeide saman i sjølvstyrte grupper har effekt på læringsutbyttet til studentane, og det viser ei oppsiktsvekkande sterk tru på effekten av samarbeid med medstudentar.

### **Motivasjon og meistring**

Motivasjon og meistring er tett kopla i læringssituasjonar (Skaalvik & Skaalvik, 2018). Når elevar og studentar opplever å meistre læringssituasjonar bidrar det gjerne positivt på den indre motivasjonen. Det å lære blir eit mål i seg sjølv ( Jones, 2009) (Ryan & Deci, 2000). I dette prosjektet har vi difor vore opptekne av å skape gode arenaer for meistring. I teoretiske fag, som samfunnsfag, opplever gjerne lærarstudentar at det er for få arenaer der dei får prøvd ut den faglege kunnskapen og dugleikane sine. Det kan bli høg terskel for å stille spørsmål i undervisninga og omfanget av fagleg tilbakemelding frå lærar er avgrensa av økonomiske ressursar. Studentdrivne seminar rettleia av masterstudentar såg vi som ein mogleg læringsarena der studentane kunne oppleve meistring og styrka motivasjon for læring.

Samla meiner 61,1% av førsteårsstudentane som deltok i delprosjektet at seminara har skapt høg grad (4 og 5 på skalaen) av meistringskjensle, medan 11,1% svarte at seminara skapte lite eller ingen grad av meistring (1 og 2 på skalaen). Dette indikerer at seminara har blitt verdsett som ein viktig arena for meistring av studentane. Dei skriftlege svara utdjupar at meistringa er knytt både til sjølvle studiesituasjonen og til læring, slik desse sitata er eit døme på:

Vi fikk gått igjennom mye! Vi fikk gode tips til skriving, spesielt vi som aldri har skrevet akademiske tekster før! Hun gjorde oss trygg på oss selv, og var en god blanding mellom streng og motiverende (Førsteårsstudent GLU 5-10).

Seminarene har også ført til at vi har jobbet mye i kollokviegruppene også utenom skolen, og har bidratt til at det har blitt lettere å bli kjent med nye mennesker. Seminarleder og seminarer har ført til at jeg har fått større selvtillit faglig, og at jeg har klart å roe meg ned litt og ikke stresset så mye som jeg gjorde ved starten av semesteret. (Førsteårsstudent GLU 5-10)

Materialet viser også ei klar kopling mellom meistring og motivasjon. Samla sett meiner 57% av studentane at studentdrivne seminar også har bidratt i stor grad til å auke deira motivasjon til å studere, men her ser vi også ein skilnad mellom GLU 5-10 og GLU 1-7-studentar. 73,4% av 5-10 meinte seminara hadde bidratt i stor og svært stor grad (4 og 5 på skalaen) til å auke motivasjon deira til å studere, medan 46,9% av 1-7 studentane seier det same.

Fleire av studentane legg også vekt på at det å samarbeide med ein meir erfaren masterstudent har vore positivt. Terskelen for å spørje om hjelp er lågare i seminar:

Det var fint å få ting forklart av en som er student selv, og skjønner litt bedre hva som er utfordrende. Ellers hadde masterstudenten flere ganger med seg ark til oss der vi fikk tegne opp hver vår tidslinje (historie), som jeg synes var en veldig fin og oversiktlig måte å gjennomgå stoff på (Førsteårsstudent GLU 1-7).

Vi får tips om hva som er lurt å gjøre. Vi kan spørre om hva som helst. Vi har fått sett gamle tankekart og oppgaver. Vi fikk et miniskrivekurs om hvordan vi skriver kilder og hvordan det er lurt å skrive akademisk. Det er lettere å spørre en som har gjennomgått samme studie for ikke så lenge til, enn en erfaren lærer. Jeg synes at seminarene var lærerike (Førsteårsstudent GLU 1-7).

Seminara har også vore ein viktig sosial arena for mange av studentane. Samla sett meinte 59,5% av studentane at seminara i høg grad (4 eller 5 på skalaen) var sosialt. Dette er også reflektert i dei opne svara studentane har gitt.

## **Utfordringar og moglege tiltak**

Sjølv om ei overvekt av studentane var nøgde med seminara, som diskutert ovanfor, er det viktig å presisere at det også var utfordringar knytt til seminara. Av dei opne svara ser vi mellom anna at nokre kommenterer at masterstudenten ikkje verka særleg kompetent eller fagleg engasjert. For at eit slikt undervisningsopplegg skal fungere optimalt bør også dette leddet kvalitetssikrast, og det har ikkje dette delprosjektet tatt høgde for.

Fleire trekker fram at det hadde vore nyttig å få rettleiing i fleire fag enn samfunnsfag, sidan alle studentane studerer pedagogikk parallelt med samfunnsfag. Å kombinere rettleiing i fleire fag kan derfor vere ei mogleg løysing.

Fleire av studentane i trekte i spørjeskjemaet fram at det var dårlig kommunisert kva som var formålet med seminara, og at dei derfor fekk lite utbytte. Å sette av god tid til å forklare kva seminara skal bestå av og kva som vert kravd av studentane er derfor avgjerande for å sikre suksess.

Av praktiske grunnar vart samansetninga av gruppene (i både pilotprosjektet og delprosjektet) bestemt av faglærarar. Ei overvekt av både masterstudentar og førsteårsstudentar framheva at gruppene hadde fungert betre om studentane i større grad kunne velje kven dei skulle vere på gruppe med.

Det var også nokon av studentane som utrykte direkte misnøye med seminara. 4 av dei 28 førsteårsstudentane i årskullet 2017/2018 som hadde gitt skriftleg kommentar i spørjeskjemaet kommenterte eksplisitt at dei ikkje var nøgde. Ein var misnøgd med masterstudenten sin innsats, medan to meinte at samansetninga og samspelet i gruppa gjorde at utbyttet vart lågt. Ein var negativ til å delta i seminar i seg sjølv. Sjølv om det var få som var direkte misfornøgd med seminara tyder dette på at seminarforma ikkje nødvendigvis passar for alle. Dette indikerer at slike sjølvdrivne seminara bør vere frivillige på dette utdanningsnivået og at studentane bør ha innflytelse på samansetninga av grupper.

## **Studentdrivne seminar og implikasjonar for ei ny integrert masterutdanning**

Eit essensielt kjenneteikn på kvalitet i utdanning er om læringsaktiviteten blir opplevd som meiningsfull og relevant – at den bidrar til at studentane lærer. Eit fleirtal av studentane opplever at seminara har gitt høgt læringsutbytte i samfunnsfag. Av mindretalet som ikkje har opplevd ein slik effekt, er det særskilt masterstudenten sin manglande evne til å formidle fagleg kunnskap og engasjement som blir vektlagt. Nokre masterstudentar hadde erfaring som seminarleiar frå pilotprosjektet, medan andre ikkje hadde erfaring. For framtida vil vi freiste å innlemme opplæringa og kvalitetssikringa av masterstudentar som ein del av masterutdanninga (syklus 2). Det å rettleie førsteårsstudentar i seminar vil då ikkje vere eit frivillig tilbod til masterstudentar, men ein



obligatorisk del av masterfaget i syklus 2. Fagleg sett kan dette knytast til læringsmål som skal styrka rettleiingskompetanse, formidlingskompetanse og læringsleiing. Gjennom diskusjon av teori og konkrete case henta frå deira eigen seminarpraksis vil vi kunne styrke og sikre kvaliteten også i dette leddet.

I eit lenger perspektiv kan studentstyrte aktivitetar, slik dette delprosjektet har prøvd ut, vere med på å skape betre læringskultur og såleis styrke kvaliteten ved utdanninga. Eit apropos i så måte er at vi har sett at GLU 1-7 og GLU 5-10-studentane har rapportert ulikt på ein del punkt, og vi undrar oss difor om det læringsspesifikke forhold her vi bør vere merksame på. Undersøkinga har vist at jamført med GLU 5-10-studentane studerer samfunnsfagstudentar i GLU 1-7-utdanninga mindre på eiga hand, dei legg inn fleire arbeidstimar i lærarstyrt undervisning, dei har lågare fagleg utbytte av studentstyrte seminar og dei er mindre motiverte. Det er mange organisatoriske forhold som kan ha verka inn på dette resultatet, men det er også mogeleg at vi her ser to studentgrupper som har ulike forventningar til studiet og difor vurderer seminara ulikt.

Dei nye grunnskulelærerutdanningane skal vera integrerte, profesjonsretta masterutdanningar. Dette betyr at det bør vera samanheng og god progresjon i utdanninga. Vi har erfart i dette prosjektet at førsteårsstudenten sitt faglege og sosiale møte med masterstudenten er verdfull og fleirtalet av studentane ønsker seg meir av dette. I denne rapporten har vi særleg lagt vekt på korleis førsteårsstudenten har erfart dette, men intervju med masterstudentane viser at læringsutbyttet hos desse har vore minst like stort. Høgskulen på Vestlandet vil difor satse vidare på masterstudentar som rettleiarar for førsteårsstudentar, og sjå på korleis dette kan implementerast som eit arbeidskrav i masterutdanninga.

## Referansar

- Hatlevik, I. (2016). Hvordan utvikle og kontrollere prosesskvalitet? *Uniped*(3), ss. 195-210.
- Høgskulen på Vestlandet. (2017). *Studieprogramplan for grunnskolelærerutdanning 5-10*. Bergen: HVL.
- Høgskulen på Vestlandet. (2017). *Studieprogramplan for grunnskulelærerutdanning 1-7*. Bergen: HVL.
- Jones, B. D. (2009). Motivating Students to Engage in Learning: The MUSIC Model of Academic Motivation. *International Journal of Teaching and Learning in Higher Education*, 21, ss. 272-285.
- Ryan, R. M., & Deci, E. L. (2000). Self-Determination Theory and the facilitation of Intrinsic Motivation, Social Development and Well-Being. *American Psychologist*, ss. 68-78.
- Skaalvik, S., & Skaalvik, E. M. (2018). *Skolen som læringsarena - Selvoppfatning, motivasjon og læring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Topping, K. (2005). Trends in Peer Learning. *Educational Psychology*, 25, ss. 631-645.